

Vedlegg 2 til Riksantikvarens brev av 21.12.2016

## Høyringsnotat

### Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - oppsummering av høyringsfråsegnene med merknader frå Riksantikvaren

#### Bakgrunn

Riksantikvaren syner til brev av 27.5.2014 vedlagt høyringsutkast om **Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland – framlegg til område**. Vi syner vidare til brev av 17.11.2015 med orientering om vidare arbeid og e-post av 8.11.2016 med utkast til endeleg rapport for eventuelle merknader.

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet starta Riksantikvaren hausten 2013 arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Det vart gjennomført forprosjekt i Østfold og Hordaland i eit samarbeid mellom fylkeskommunane og Riksantikvaren. Arbeidet skal munne ut i eit utval av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Registeret for Østfold vart ferdigstilt i november 2015 med ni landskap i Østfold som inngår i Askeladden, Riksantikvaren sin kulturminnedatabase. Det er bestemt at prosjektet skal vidareførast til heile landet, og arbeid er starta opp i fleire nye fylke.

#### Føremål

Det overordna målet med kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse er å formidle kunnskap om desse områda til samfunnsaktørar som påverkar utviklinga av landskap for å få til ei betre forvaltning av desse landskapa. Kommunane er ein av dei viktigast forvaltarane av landskap. Gjennom m.a. planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova har dei verkemiddel til å påverke utvikling og forvaltning av landskap. Kommunen er og styresmakt etter jord- og skoglova. I tillegg til kommunane, vil statlege etatar ansvarleg for m.a. energi- og vasskraftplanar og samferdselsplanlegging ha påverknad på landskapet. Riksantikvaren vil med etablering av registret gjere klart kva landskap som er av nasjonal kulturhistorisk interesse og som kommunar og andre styresmakter bør ta særskilt omsyn til i planlegging og forvaltning. Kommunane kan gjennom aktiv planlegging og forvaltning bidra til å utvikle sine landskap som ein ressurs for innbyggjarane og som grunnlag for næringsverksemd og arbeidsplassar, som til dømes reiseliv.

#### Høyringa

Høyringsutkastet gjekk ut til alle kommunane i Hordaland og til regionale styresmakter med høyringsfrist 4.7.2014. Fristen vart seinare utsett til 1.10.2014 etter ønskje frå fleire kommunar. Det vart halde eit høyringsmøte på Fylkeshuset i Bergen 13.august. Av elleve kommunar som det er gjort framlegg om landskap i, har åtte uttalt seg. I tillegg har Ulvik herad komme med framlegg til eit område som dei ønskjer skal inngå i registeret. Av regionale etatar har Hordaland fylkeskommune, Norges vassdrags- og energidirektorat og Statens vegvesen uttalt seg.

Riksantikvaren sende 8.11.2016 ein e-post til dei kommunane der det er foreslått landskap til registeret. Kommunane fekk då høve til å gje merknader til eit utkast til endeleg rapport. Bømlo, Etne og Kvinnherad kommunar har gjeve merknader i denne runden.

## Høyringsutkastet

Høyringsutkastet vart utarbeidd i eit nært samarbeid mellom Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune. Utvalet av landskap er basert på eksisterande kunnskap, og ein har hatt god nytte av fylkeskommunen sitt tidlegare arbeid med kulturminne, kulturmiljø og landskap. Riksantikvaren og fylkeskommunen var på ei felles synfaring i april 2014, der ein var innom mange av områda som vart med i utkastet.

Riksantikvaren står ansvarleg for høyringsframlegget som omfatta følgjande ni landskap:

Indre farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar  
 Byfjellene i Bergen , Bergen kommune  
 Fitjarøyane, Fitjar og Bømlo kommunar  
 Søre Bømlo, Hespriholmen – Langevåg, Bømlo kommune  
 Etne, Etne kommune  
 Rosendal, Kvinnherad kommune  
 Indre Sørfjorden, Odda kommune  
 Ytre Sørfjorden, Ullensvang kommune  
 Eidfjord, Eidfjord kommune

I utkastet til rapport er kvart landskap skildra og vist på kart. I omtalen av landskapa inngår området sin landskapskarakter, som skal vere ei kortfatta skildring av kva som særpregar nett dette landskapet og skil det frå andre. Så følgjer ei grunngjeving av kvifor landskapet er av nasjonal interesse, dvs. kva kulturhistoriske verdiar landskapet har. Til slutt er det peikt på kva type tiltak landskapet og verdiane i det er sårbare for, og korleis forvaltinga bør innrettast for å ta vare på verdiane. Rapporten inneheld innleiingsvis ei kort skildring av landskap og kulturhistorie i Hordaland, som ei ramme for utvalet av landskap.

## Høyringsfråsegnene og Riksantikvaren sine merknader til dei

Riksantikvaren bad høyringsinstansane om særleg å kommentere:

- Utvalet av område i fylket
- Områdeskildringa, avgrensinga av og innhaldet i det einskilde området
- Forvalting av områda – tålegrenser, sårbarheit, planstatus og –utvikling
- Bruken og nytten av eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

Høyringsinstansane har i hovudsak hatt merknader til:

- Områdeavgrensing
- Kva eit register over kultuhistoriske landskap av nasjonal interesse vil ha for konsekvensar for kommunane

### Austrheim kommune – Den indre farleia

Fråsegn er gitt i brev av 27.08.2014. Saka er handsama i kommunestyret.

Austrheim kommune synest det er fornuftig at Den indre farleia, i Austrheim, Lindås og Radøy kommunar er med i framlegget til «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland». Kommunen er samd i at dette er eit viktige kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse der alle må ha ei medveten haldning til bruk og vern. Kommunen ser difor nytten av eit slikt register. Austrheim kommune ber om at området får ei avgrensing til 100 metersbeltet i strandsona eller

til ei meir funksjonell strandsone.

#### Radøy kommune – Den indre farleia

Høyringsfråsegn er gitt i brev av 16.09.2014. Saka er handsama i formannskapet.

Formannskapet er positiv til og samd i vurderingane av at Den indre farleia er med i utvalet i Hordaland. Dei peikar på at eit slikt register vil kunne føre til ei meir medviten haldning til bruk og vern av området, og slik sikra kvalitetane i framtida. Kommunen understrekar at registeret ikkje må vere til hinder for vidareutvikling av området til næring og bustad, og vil særleg peike på at området frå kommunegrensa mot Lindås i sør til og med Olsvollstranda lenger nord er svært viktig for kommunen i så måte. Radøy kommune ber også om at ein vurderer avgrensinga av området i Radøy kommune og om at grensene betre kan tilpassast terrenget.

#### Riksantikvaren sine merknader til Austrheim og Radøy kommunar sine merknader om Den indre farleia

I den endelege rapporten har Riksantikvaren lagt vinn på å få til ei meir terrengtilpassa avgrensing av området. Vi har ikkje følgt opp ønske frå Austrheim kommune om at avgrensinga skal følgje 100-meters belte langs sjøen. Kommunen viser òg til ei funksjonell strandsone som alternativ til 100-metersbeltet. Riksantikvaren forstår dette som ei lokal tilpassing av 100-metersbeltet.

Sjølv om leia er sentral i landskapet her, så vil ei avgrensing til 100-metersbeltet mange stader bli for snau for å få med viktige landskapselement, som t.d. lyngheiane og sentrale historiske stader og viktige kulturminne. Den endelege avgrensinga med ei betre terrengtilpassing har òg nokre stader ført til at grensa no går nærare sjøen.

#### Fitjar kommune - Fitjarøyane

Høyringsfråsegn er gitt i brev av 23.9.2014. Saka er handsama i Utval for plan og miljø.

- Fitjar kommune viser til den prosessen dei på denne tida var inne i med utarbeiding av kulturminneplan. I dette arbeidet er dei opptekne av at planen skal omfatte alle viktige kulturminne og at dei skal merkast av i kommuneplanen.
- Kommunen har merknader til avgrensinga og meiner at områda på Stordøya (rundt Fitjar sentrum) ikkje er ein naturleg del av av Fitjarøyane og bør takast ut. Kommunen meiner grensa primært bør gå langs strandlina aust for Fodno, rundt Kalveid og deretter langs sjølina vest for Kråko, subsidiært langs fjellryggen over midten av Fodno, over Kalveid og Valberg, og deretter vest av Kråko. Kommunen ber om at endeleg fastsetjing bør skje i ein dialog med fylkeskommunen.
- Det må ikkje leggjast føresegner som er til hinder for ei naturleg utvikling av bu- og næringsområde.
- Kommunen er oppteken av at eit eventuelt kulturhistoriske landskap i Fitjar ikkje må føre til at gjeldande planverk og føresetnader for pågåande planarbeid vert endra.

#### Bømlo kommune om Fitjarøyane

Høyringsfråsegn er gitt i brev av 29.9.2014. Saka er handsama i kommunestyret.

- Bømlo kommune seier i sitt samrøystes vedtak at dei er positive til at to område i Bømlo er registrert som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse. Dei peikar på at alle

registreringar som vert gjort i kommunen er avgrensa slik at dei aller viktigaste registrerte områda kan visast i arealdelen i kommuneplanen.

- Om avgrensinga av Fitjarøyane meiner kommunen at område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo ikkje er ein naturleg del av Fitjarøyane og skal takast ut av område.

Bømlo kommune har og svart på Riksantikvaren sin e-post av 8.11.2016 og seier seg der glad for at område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo er teke ut av Fitjarøyane.

#### Riksantikvaren sine merknader til Fitjarøyane

Det kulturhistoriske landskapet Fitjarøyane har areal både i Fitjar og Bømlo kommunar. Begge kommunar kom med framlegg til nye grenser for området som innskrenkar arealet. Dei ønskjer å ta ut areal som dei ikkje oppfattar som naturlege deler av Fitjarøyane.

Dette var bakgrunnen for at Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune 3.mars 2016 hadde eit møte med Bømlo og Fitjar kommunar. Føremålet med møtet var å drøfte avgrensing og aktuell forvaltning, samt å freiste å klarleggje betre kva eit kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse vil få å seie for kommunane.

Riksantikvaren har i si endelege avgrensing av Fitjarøyane følgd kommunane sine ønske om avgrensing. Vi er samde med Bømlo kommune i at dei nemnde områda i denne kommunen kan takast ut, og at ein likevel får med seg det typiske lynghei- og småbrukslandskapet som er eit karakteristisk trekk i Fitjarøyane. Brandasund med leia er òg med som eit viktig område knytt til handel og ferdsel.

Dei kulturhistoriske verdianen i området rundt Fitjar sentrum, som Fitjar kommune har ønskt skal gå ut, er særleg knytt til den eldre historia i dette landskapet. Fitjar var sete for ein storgard og seinare kongsgard for Harald Hårfagre og sonen hans Håkon den gode, i følgje Snorre si saga. Dette er ein viktig del av historia om området og har m.a. samanheng med plasseringa ved leia. Utviklinga av Fitjar til ein moderne tettstad og kommunesentrum gjer at det er vanskelegare å lese denne historia i landskapet slik det er i dag, men her er framleis viktige kulturminne og mindre område som er eigna til å syne denne historia. Riksantikvaren har difor i dialog med kommunen kome fram til at området på Stordøya kring Fitjar sentrum kan takast ut av det kulturhistoriske landskapet. Kommunen bør likevel i si arealplanlegging og vidare tettstadutvikling ivareta kulturminna som fortel om Fitjar som maktsete.

#### Bømlo kommune om Søre-Bømlo – Hespriholmen

Bømlo kommune si fråsegn av 29.9.2014 gjeld også området Søre Bømlo - Hespriholmen – Langevåg.

- Kommunen peikar på at område Søre Bømlo- Hespriholmen- Langevåg er svært stort og meiner at det må avgrensast og argumenterer for at landskapet i den delen av Langevågsområdet som ligg austom fylkesvegen har mindre tilknytning til grønsteinproduksjonen og difor skal kunne takast ut av område. Dette gjeld område frå Hovlandshagen industriområde- Langevåg- Vorland til og med Andal. Kommunen meiner at endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap i Bømlo skal gjerast i dialog med fylkeskommunen.

Bømlo kommune viser i merknadene sine på e-post av 8.11.2016 til sitt tidlegare vedtak og peikar på at det i utkastet til endeleg rapport berre delvis er gjort avgrensingar av området slik kommunestyret i Bømlo bad om. Bømlo kommune ber difor på nytt om at område Søre Bømlo- Hespriholmen vert avgrensa i samsvar med vedtaket i kommunestyret.

Kommunen er nøgd med at område i Hovlandshagen som er godkjent i reguleringsplan til fiskerihamn og industriområde, er teke ut av område for kulturhistorisk landskap.

Men det er altså område i sentrum av Langevåg ved Bygdatunet og rederikontor for Eidesvik AS som kommunen meiner òg bør takast ut. Det er viktig for Langevågsområdet at sentrumsområdet ikkje får restriksjonar som ei omsynssone kulturhistorisk landskap vil kunne gi.

Kommunen viser så til at Sokkamyro i sentrum av Langevåg er eit viktig arkeologisk område og at Bømlo kommune har eit godt samarbeid med Hordaland Fylkeskommune for å ta vare på dette viktige kulturminne, m.a. med ein skjøtselsplan som Hordaland Fylkeskommune er i ferd med å utarbeide. Vidare viser ein til at det siste året har vore lagt ned betydelege ressursar for å prosjektere og vurdere både formidlingstiltak, men også eventuelle fysiske tiltak som kan bidra til å synleggjere den spanande historia.

Riksantikvaren viser til at området er redusert ein god del og at viktige industri- og hamneområde er tekne ut slik kommunen òg viser til. Langevåg med funnstaden Sokkamyra er sentral for forståinga av tilverking og utskiping av grønstein i området i steinalderen og difor ein viktig del av dette landskapet. Riksantikvaren ønskjer difor å halda det innanfor avgrensinga. Arealplanlegging i Langevåg må ivareta omsynet til at historia knytt til grønstainsverksemda skal kunne formidlast best mogeleg, samtidig som sentrumsfunksjonane må kunne ivaretakast også i framtida. Reguleringsplan synest å vere eit eigna verkemiddel her. Namnet på området er endra til det meir kortfatta *Søre Bømlo – Hespriholmen*.

#### Etne kommune

Høyringsfråsegn er gitt i brev av 12.09.2014. Saka er handsama i Komité Forvaltning. Kommunen tek utvalet av område i Etne, slik det ligg føre på kart i framlegget frå Riksantikvaren, til etterretning og har følgjande merknader:

- Etne kommune verdset å vera del av kulturhistorisk landsskap av nasjonal interesse.
- Status som kulturhistorisk landsskap av nasjonal interesse bør gi prioritet ved tildelingar frå regionale og sentrale tilskotsordningar retta mot landskap og samfunnsutvikling.
- Registreringane må ikkje føre til tilleggsprosessar i plan- og byggjesaker.
- Føresegner og planverk skal vedtakast lokalt og ikkje vera til hinder for ei god utvikling av lokalsamfunnet.

Riksantikvaren presiserer at når eit landskap inngår i registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, skal ikkje dette føre til tilleggsprosessar i plan- og byggjesaker, men følgje vanleg saksgang. At landskapet inngår i registeret betyr at kommunen bør ta naudsynte omsyn til verdiane i landskapet når kommuneplanens arealdel skal rullerast. Ved ei slik rullering oppmodar ein kommunen til å leggje inn området som omsynssone med tilknytte retningslinjer. I tillegg bør utforming av generelle føresegner nyttast for å klarleggje omsyn som skal takast til landskapsverdiane som vedkjem det kulturhistoriske landskapet. Reguleringsplan er aktuelt å bruke i tettstadsområde m.a.

Etter Riksantikvaren sin e-post 8.11.2016 der det er gjort framlegg om ein reduksjon av arealet i Etne, kom det merknader frå Etne om at kommunen ønskjer den opphavlege avgrensinga som vert oppfatta som ei god grense for å famne heile det kulturhistoriske landskapet som Etnebygda utgjer. Riksantikvaren tek omsyn til dette og går tilbake til den fyrste avgrensinga. Vi har knytt merknader til forvaltinga av Etne sentrum som legg vekt på omsyn ved tettstadvekst.

#### Kvinnherad kommune

Høyringsfråsegn er gitt i brev av 17.11.2014. Saka er handsama i Formannskapet og vedtaket er i fire punkt:

- Kommunen set pris på at Rosendal vert framheva som eit landskap med kvalitetar av nasjonal verdi.
- Kommunen meiner at arealet bør avgrensast til det nære landskapsrommet sett frå Baroniet Rosendal .
- Rapporten bør gi meir presise og differensierte råd om verkemiddelbruk i forvaltinga av det aktuelle arealet.
- Den kommunale råderetten over arealbruken i området må ikkje innskrenkast som følgje av registrering.

I saksutgreiinga vert desse punkta utdjupa. Her peikar ein på at produktet er tiltalende og kan med nokre mindre endringar fungere på eit nasjonalt nivå som skildring av dei kulturhistoriske verdiane i området. Men kommunen meiner presisjonsnivået i kartfestinga er låg, og at det er uklart kva faglege vurderingar som ligg til grunn for verdisetting og avgrensing. Kommunen har òg merknader til at Guddalsdalen, Kalven og Snilstveitøy er med i det foreslåtte landskapet.

Riksantikvaren og fylkeskommunen hadde møte med Kvinnherad kommune 2.3.2016 der ein drøfta spørsmål knytt både til forvalting og avgrensing.

Kvinnherad kommune har gjeve merknader til e-posten 8.11.2016 ved e-post 21.11.2016. Kommunen ser på den reduksjonen av arealet som er gjort som eit steg i rett retning, men meiner enno at området er stort. Ein etterlyser framleis meir presise og differensierte retningsliner og ser framlegget om å bruke omsynssone på heile arealet som problematisk. Grunngevinga for dette er at det er mange ulike omsyn som skal inn i planen og at eit nytt lag vil gjere plankartet unødig vanskeleg å tyde.

Riksantikvaren har i endeleg avgrensing redusert arealet monaleg og teke ut dei nemnde delområda Guddalsdalen, Kalven og Snilstveitøy. Vi har og gjort einskilde endringar i skildringa som vonleg gjev eit betre samsvar mellom avgrensing og tekst.

Riksantikvaren ser at det hadde vore ein fordel om vi hadde greidd å gjeve meir konkrete råd om forvalting og arealplanlegging, men vi meiner likevel å ha gjeve tydelege overordna retningsliner om kva som er ønska utvikling i området, m.a. i avsnittet om sårbarheit. Elles legg vi opp til at Hordaland fylkeskommune skal følgje opp i direkte dialog med kommunen i aktuelle plansaker innanfor dei rammene som registeret legg.

Når det gjeld bruk av omsynssone c) for kulturmiljø og landskap med tilknytte retningsliner, er dette det hovudtiltaket som Riksantikvaren tilrår kommunane å nytte for å synleggjere kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i kommuneplanens arealdel. Vidare tilrår vi å bruke generelle føresegner. Riksantikvaren meiner at rådet er i tråd med intensjonen om bruk av omsynssoner for

viktige omsyn. Dersom kommunen meiner det gjer at plankartet vert vanskeleg å lese, kan ein velje tekniske løysingar for å avhjelpe dette.

#### Odda kommune

Ei førebels administrativ høyringsfråsegn er gitt i brev av 17.07.2014. Saka vart så handsama i kommunestyret 17.9.2014, men kommunestyret sende saka attende til rådmannen for nærare utgreiing. Riksantikvaren har ikkje motteke noko ny fråsegn etter dette.

I den administrative fråsegna kjem det faglege merknader og nokre innspel til formuleringar som Riksantikvaren har freista å følgje opp i den endelege rapporten.

#### Ullensvang herad – Ytre Sjørfjorden

Høyringsfråsegn er gitt i brev av 6.11.2014. Saka er handsama i heradstyret.

- I vedtaket frå heradsstyret i Ullensvang godtek ein vidare arbeid med kulturhistorisk landsskap av nasjonal verdi som Riksantikvaren arbeidar med å få etablert. Før Riksantikvaren legg området inn i Askeladden (Riksantikvaren sin database for kulturminne), må det på plass eit møte, der føringane for området skal avklarast. Heradstyret seier vidare at ein legg til grunn at omsynssona skal vera retningsgjevande og ikkje gje grunnlag for Riksantikvaren til å fremja motsegn i enkelt sakar.

I saksutgreiinga vert fleire moment trekt fram. Heradet har ikkje spesielle merknader til skildringa av området Ytre Sjørfjorden, men peikar på at i området er det ein del planta skog, skogsdrift og skogsvegbygging. Når det gjeld planlegging og forvaltning av området, peikar heradet på at landskapet omfattar store deler av arealet i heradet og at det ikkje må leggjast opp til detaljstyring.

Til sist ønskjer heradet å få klarlagt konsekvensar av å inngå i eit slikt register.

#### Riksantikvaren

For å følgje opp Ullensvang sitt ønske om å drøfte føringane for forvaltning av området, vart det halde eit møte i Ullensvang 2.3.2016 der heradet, fylkeskommunen og Riksantikvaren deltok. Her vart plansituasjon og planutfordringar innanfor området drøfta, likeeins konsekvensar av eit slikt register.

#### Ulvik herad

Ulvik herad har gjeve ei administrativ fråsegn 26.09.2014. Det vert omtalt som eit fagleg framlegg frå ei arbeidsgruppe som arbeider med ein kulturminneplanen for heradet.

Det vert gjort framlegg om eit nytt landskap som ikkje er med i Riksantikvaren sitt høyringsutkast. Det er lagt ved eit langt på veg ferdig utkast med omtale og kart til eit område ved Finse knytt til Bergensbanen. Området vert òg halde fram som mogeleg verdsarvområde frå arbeidsgruppa.

Riksantikvaren har ikkje teke området inn i den endelege rapporten. Vi er samde med Ulvik herad i at tema jernbane med overgang over høgfjell, eventuelt også andre tilhøve knytt til ferdsel over fjellet, er viktige deler av norsk historie. Riksantikvaren vil etter kvart i arbeidet med kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse sjå på dette tema i ein landsomfattande samanheng.

### Hordaland fylkeskommune

Saka vart handsama fyrst i Kultur- og ressursutvalet 21.10.2014 og deretter i fylkesutvalet 30.10.2014. I Kultur- og ressursutvalet vedtok ein fylkesrådmannen i si innstilling og la til eit nytt punkt 4:

- «1. Fylkesutvalet slutter seg til intensjonane i forprosjektet *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland*, og til utval, avgrensing og skildring av dei 9 områda slik dei er lagt fram.
2. Fylkesutvalet ser dette som ei klargjering av viktige interesser og rår til at forprosjektet vert ført vidare i eit landsfemnande prosjekt.
3. Fylkesutvalet vil setje i verk eit arbeid for å få oversyn over kulturhistoriske landskap i Hordaland med regional interesse.
4. Status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse bør gi prioritet ved tildelingar frå regionale og sentrale tilskotsordningar retta mot formidling, landskap og samfunnsutvikling.»

I fylkesutvalet si handsaming vart eit heilt nytt framlegg vedteke:

«På bakgrunn av at verken saksutredningen eller grunnlagsdokumentene gir et tydelig bilde av hva som er konsekvensen eller intensjonen for kommunale og private planer og planprosesser av å ha status som "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse" kan Hordaland fylkeskommune ikke stille seg bak intensjonene i forprosjektet. I punktene under "Sårbarhet, tolegrense og forvaltning" ser det ut som det her ligger en forventning om endring av kommuneplaner i de enkelte kommunene, uten at det går klart fram hva slags begrensninger som skal legges på områdene. Hordaland fylkeskommune kan heller ikke se av dokumentasjonen i forprosjektet eller i saksutredningen at det fremgår om en i forprosjektet har vært i dialog med de gjeldende kommuner. Hordaland fylkeskommune vil hevde at det for så omfattende områder dette gjelder, burde vært en forhåndsdialog med de aktuelle kommunene før en sender forslaget på høring.

Hordaland fylkeskommune vil advare mot en utvikling der stadig flere landskapsområder får forskjellige kategorier av "vernestatus". Dette bidrar ikke til å gjøre planprosesser enklere, eller å avklare plankonflikter, men gjør det tvert i mot forvirrende for tiltakshavere og planmyndigheter (inon, nasjonalpark, grenseområde til nasjonalpark, landskapsvernområde, kjerneområde for landbruk, nasjonal laksefjord i tillegg til ordinære kategorier i kommuneplan og reguleringsplaner). I dette tilfellet ser en også at det til dels er overlapping med andre kategorier som for eksempel Hardangervidda og Folgefonna nasjonalparker, landskapsvernområder og kommunalt vedtatte langsiktige byggegrensar. Hordaland fylkeskommune anbefaler derfor at hele prosessen stilles i bero inntil man har klargjort hva slags planmessige, reguleringsmessige og disposisjonsmessige konsekvenser status som "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse" har. Hordaland fylkeskommune vil ikke starte et arbeid med å få oversikt over kulturhistoriske landskap i Hordaland med regional interesse før dette er tydeliggjort.»

### Riksantikvarens merknader til fylkesutvalet 30.10.2014

Når det gjeld konsekvensar for kommunane av å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, viser vi til felles merknader under.

Det vert etterlyst dialog med kommunane i ein fase før høyring. Arbeidet i Østfold og Hordaland var eit forprosjekt der ein skulle få erfaringar med eit slikt arbeid og korleis det burde leggjast opp. Ei av endringane som er gjort etter forprosjektet, er å ha møte og synfaringar med kommunane før høyringsframlegget vert utarbeidd. Dette er gjennomført i Troms med godt resultat. For Hordaland sin del har det vore halde møte med kommunar som bad om det i ettertid, og ein har hatt ein ekstra utsjekk av rapporten i sluttbearbeidinga.



Fylkesutvalet meiner at mange ulike nasjonale føringar for arealplanlegginga ikkje fører til enklare planprosessar. Riksantikvaren meiner at registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse bidreg til å klarleggje på førehand kva særleg viktige kulturhistoriske interesser som knyter seg til bestemte område. Dette vil gjere arealplanlegginga meir føreseieleg, men det krev oppfølging frå kulturminneforvaltinga i konkrete saker og ein god dialog med kommunane.

#### Hordaland fylkesutval 2016

Då fylkesutvalet 29.1.2016 handsama prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2016 gjorde dei slikt vedtak i punkt 8.: «Fylkesutvalet ber om at arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Hordaland vert prioritert.»

Riksantikvaren registrerer og er glad for at Hordaland fylkeskommune ved fylkesutvalet no støttar arbeidet med kulturhistoriske landskap i Hordaland.

#### Statens vegvesen, Plan og forvaltning Bergen

Fråsegn er gitt i brev av 10.6.2014. Statens vegvesen seier at dei ser det som svært viktig at det vert utarbeidd ei oversikt over desse viktige kulturhistoriske landskapsområda i Hordaland. Statens vegvesen er innstilt på å ta omsyn til dei avgrensingane i bruk av desse områda som vil kunne verte resultatet av denne kartlegginga.

Riksantikvaren tek fråsegna til vitande og er glad for at Statens vegvesen vil ta omsyn til områda i si verksemd.

#### Norges vassdrags- og energidirektorat

Fråsegn er gitt i brev av 9.10.2014 og gjeld både Hordaland og Østfold. NVE meiner kartlegginga framstår som godt bearbeidd og der mykje informasjon er samla som vil vere nyttig ved vurdering av ulike utbyggingstiltak. NVE meiner hovudutfordringa er korleis denne kartlegginga vil verte brukt. Dei kartlagde landskapa utgjer store deler av fylka og ein seier samtidig at dei er sårbare for kraftleidningar og vindkraftverk.

NVE peikar på at kulturhistoriske landskap vil inngå i ei konkret vurdering ved konsesjonshandsaming av eventuelle oppgradering av eksisterande kraftleidningar som går gjennom fleire av desse områda. Det same gjeld ved konsesjonshandsaming av eventuelle nye energianlegg innan eller i synleg avstand frå kartlagde kulturhistoriske landskap.

NVE peikar på at eksisterande kulturminne innan vasskraft og kraftoverføring ikkje er haldne fram som å vere tatt omsyn til ved val av nasjonalt viktige landskap. NVE presiserer at vassdrags- og energirelaterte kulturminne er ein viktig del av Noregs historie, og sektoren har hatt mykje å seie for utviklinga i landet.

NVE trekkjer fram området Indre Sør fjorden som omfattar industrilandskapet i Odda kommune. Her viser NVE til at Tyso I, som er freda, også er eitt av NVE sine utvalde kulturminne (Kulturminner i norsk kraftproduksjon, 2006). Trafostasjonen Sengjanen og kraftleidninga Tyso I-Odda smelteverk, som er valt ut i Kraftoverføringens kulturminner (2010), ligg også innanfor området. I tillegg omfattar området dei to tilhøyrande dammane Ringedalsvatn og Langevatn som er utvalde i temaplanen «Dammer som kulturminner» (2013). Langevatn dam (1967) representerer den nye generasjonen i Tyso-utbygginga, og det er positivt at avgrensinga av det kulturhistoriske landskapet inkluderer heilskapen og utviklinga i vassdragsanlegget.

NVE meiner at registreringa kan gje nyttig informasjon ved konsesjonshandsaming av mulige endringar eller rehabiliteringar av kraftverka som finst i området

Riksantikvaren tek fråsegna til vitande og meiner det vil vere viktig og i tråd med føremålet at registeret vert vurdert og vektlagt i handsaming av konsesjonssaker som vedkjem landskap som inngår i registeret.

### **Riksantikvarens merknader om konsekvensar for kommunane av eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse**

Fleire høyringsinstansar tek opp spørsmålet om kva registeret får å seie for kommunal arealforvaltning og planlegging. Vi har dels kommentert dette under dei einskilde høyringsmerknadene. I tillegg kommenterer vi spørsmåla meir generelt i det følgjande.

Registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse er meint som ein kunnskapsbase og eit forvaltningsverktøy til rådighet for kommunane og andre styresmakter som påverkar arealbruk. Riksantikvaren vil med registret gjere klart at dette er landskap som det knyter seg nasjonale kulturhistoriske interesse til, kva desse er og korleis dei bør ivaretakast. Slik ønskjer vi å bidra til å vere føreseielege i arealplanlegging og forvaltning av landskapa.

Kommunen må forvalte områda gjennom bruk av sine eigne verkemiddel, der plan- og bygningslova er viktigast. Det er Riksantikvarens ønske at kommunane skal synleggjere og ivareta landskapsverdiane i sine arealplanar og å ha medvit om verdiane når område skal utviklast. Eit hovudtiltak er at kommunane viser dei kulturhistoriske landskapa som omsynssone c) i kommuneplanens arealdel og knyter retningslinjer og generelle føresegner til desse.

Kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen vil legge registeret til grunn i sine innspel og sin dialog med kommunane og andre styresmakter i planprosessar. Det er kommunal planlegging som er hovudverkemiddelet for å ivareta dei kulturhistoriske landskapa. Dette inneber også at vedtekne arealplaner ikkje vert endra som følgje av at registeret etablerast. Men det er ønskeleg at verdiane i dei kulturhistoriske landskapa vert tekne med og får vesentleg innverknad på arealbruken når planar skal reviderast og rullerast og at kommunane unngår arealbruk som er i konflikt med verdiane i dei kulturhistoriske landskapa.

Rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis* kom frå Klima- og miljødepartementet i år. [Rundskriv T-2/16](#). Rundskrivet har i pkt. 3.9 med *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse* som ein av fleire områdetypar med verdiar knytt til landskap og som kan gje grunnlag for motsegn dersom planforslag er i vesentleg konflikt med verdiane. I kap. 2 går ein gjennom prinsipp og kriterium for om det bør fremmast motsegn og vektlegg at dei må liggje til grunn i ei konkret vurdering i den einskilde saka.

Høyringa har peikt på behovet for å klargjere funksjon og rolle til registeret overfor kommunane. Vi har med merknadene over freista å bidra til ei slik klargjering. For å svare på spørsmål som kommunane, fylkeskommunane og andre kan ha i konkrete plansituasjonar, vil Riksantikvaren utarbeide ein rettleiar. Rettleiaren er under arbeid. Han skal utdjupe korleis registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse er tenkt å virke og skal gi nærare rettleiing i bruk av plan- og bygningslova for å ivareta landskapa.

Hordaland fylkeskommunen er kommunane og andre instansar sitt kontaktpunkt i plansaker som vedkjem dei kulturhistoriske landskapa av nasjonal interesse i fylket.